

Ola K. Feste

(Eigar av gnr. 70 bnr. 5 og eigar av 1/3 av gnr 70 bnr. 19 i tidlegare Lindås kommune)

Haukåsvegen 18

5912 Seim

Feste 30.06.20

Fylkesmannen i Vestland.

Klage på vedtak om godkjenning av plan – planID 1263 201609. Feste kai- og næringsområde.

4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

4.1 a) Køyreveg (SV)

- a) Veg o_SV1 er fylkesveg som går tilnærma rettlinja med mur på vestsida og gnr 70 bnr 19 på austsida fram til gnr 70 bnr 27 (Feste kai). Veg o_SV1 har sitt endepunkt ved grensa til Feste Kai. Fylkesvegen går ikkje over gnr 70 bnr 19.
- b) Veg f_SV2 som er tilførselsveg til planområdet går ut frå fylkesvegen. Denne tek i planframlegget av frå fylkesvegen ved grensa mellom snuplass for buss og gnr 70 bnr 19. Denne vegen er teikna inn på plankartet med om lag dobbel breidd i høve til fylkesvegen den går ut frå. I tillegg til å ta uturvande mykje av gnr. 70 bnr 19, vert det ein svært uoversiktleg passasje mellom tidlegare og noverande butikk inne på planområdet. Fleire av dei oppmerka parkeringsplassane på gnr. 70 bnr. 19 vil då måtta nytta tilførselsvegen til planområdet som manøvreringsareal. Dette er av omsyn til trafikktryggleiken lite ynskjeleg.

Framlegg til endring:

Veg f_SV2 tek av frå fylkesvegen om lag 10 m lenger fram enn planframlegget syner.

Veg f_SV2 har normalbreidd som 1 felts veg.

Grunngjeving:

Seinhaustes 2018 vart det merka opp parkeringsplassar på gnr. 70 bnr. 19 i samsvar med den tilkomstveg til planområdet det her vert gjort framlegg. Alle parkeringsplassane på gnr. 70 bnr. 19 har turvande manøvreringsareal utan å kome inn på denne vegen. Passasjen mellom tidlegare og noverande butikk vert oversiktleg. Dette har vore i bruk i over 18 månader (dermed inkludert ein sommarsesong) utan at det er kjent at det har vore trafikale uhell eller vanskar.

4.3 Parkeringsplassar (SPA)

c) SPA 3 ligg i traseen for veg nr 3 fastsett i : "Utskiftingsforretning over Feste nordres utmark i Lindås herred. Sluttet 4/6 1945."

Utskrift av denne finn ein i dokument Nr 50/1946 bokført 9. Januar 1946
Nordhordland Sorenskriverembede. Innført i grunnboka den 18. Januar 1946.

Framlegg til endring:

SPA 3 vert teken bort frå traseen for veg nr 3 som er omtala i utskiftinga av Feste nordre si utmark.

Grunngjeving:

Arealet er bandlagt i ovannemnde utskiftsforretning.

d) SPA 4. Denne ligg på gnr 70 bnr 19. Eigarar er: Odd Geir Feste, Karl Feste og Ola K. Feste.

Framlegg til endring:

SPA 4 er parkeringsplass for eigarane i samband med bruk av naustrettane sine. Kan i naudsynt grad nyttast ved utøving av bruksrett til kai. Eigarane kan leige ut parkeringsplassar.

Grunngjeving:

Skøytet på egedomen syner ingen hefte om parkeringsrett på egedomen. Kjøpet av denne egedomen var grunnlaget for vår grunnavståing til Statens vegvesen for opparbeiding av snuplass for buss.

Mvh.

Ola K. Feste